

**Sakshandsamar:**

Grete Marøy Sellevoll

E-post: grete.maroy.sellevoll@sfj.no

Tlf: 57 82 50 02

Vår ref.

Sak nr.: 07/251-2

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

3829/07

Dykkar ref.

Aardalens Venner v/Jan Hammersvik

6740 SELJE

Dato

FØRDE, 22.02.2007

Selje kommune, gbnr. 52/1 - Aardalen

Antikvarisk vurdering - søknad til Norsk Kulturminnefond

Vi viser til møte på vårt kontor, 16.02.07, der De presenterte planane for bevaring av garden Aardal, vest for Selje sentrum. Kulturavdelinga har god kjennskap til gardsmiljøet gjennom tidlegare arbeid/synfaringar. Det ligg og føre ein fylkeskommunal søknad om tilskot til Kulturminnevern for 2007, som vi vurderer som eit aktuelt prosjekt å gje støtte til. Endeleg avgjerd her vil ligge føre i byrjinga av mars månad.

Garden Aardal ligg veglaus til, berre 6 km frå Selje sentrum. Garden ligg i eit mektig natur- og kulturlandskap, med utsikt rett mot øya Selja, som har vore helgenstad, bispesete og kloster. Stadlandet er og eit av dei mest hardføre havstykkane langs norskekysten og området kring Selje har difor vore ei viktig hamn for dei sjøfarande. Havstykket sør om Stad; Sildegapet, vitnar og om at dette har vore ein god fiskeplass, ein viktig ressurs og næringskjelde.

Garden Aardal er eit typisk vestnorsk gardstun, med historie langt attende i tid. Det har vore svært karrig jord og tungt å hauste mellom steinurene, men dei gode fiskeområda rett utanfor har vore ei viktig næringskjelde. Garden hadde og husmannsplass. Det som gjer tunet spesielt i dag er at det ikkje har vore maskinell drift der i det heile og bygningsmiljø og kulturlandskap er difor svært autentisk. Området er interessant for fleire faggrupper, både innan arkeologi, nyare tids kulturminne og kulturlandskap. Professor Ingvild Austad på Høgskulen i Sogn og Fjordane har laga ein heilskapeleg prosjektplan for Aardal, der dei i første omgang har hatt dokumentasjon gjennom ei masteroppgåve i teigdeling og vegetasjon. Austad påpeikar at ein må sjå på kulturlandskapet i eit heilskapeleg perspektiv og framhevar dei pedagogiske verdiane i området.

Aardalen har svært høg opplevingsverdi, både i form av fysisk aktivitet (du må gå på stien langs fjøra for å komme dit) og det fantastiske visuelle kystlandskapet som er heilt spesielt for Stadlandet. Å ta vare på bygningsmiljøet som står att her er ein viktig del av denne totalopplevinga.

Dei to våningshusa som står på tunet står på høge steinmurar med kjellarrom under. Begge er sannsynlegvis oppført etter 1850, men tømmerkjernen kan vere gjenbruk frå bygningar som stod der frå før. Geitefjosen er ein 1-etasjes bygning bygd i stein og er spesielt interessant fordi fjøsinventaret er autentisk og intakt. Våningshusa er i forfall og krev tiltak før situasjonen vert vesentleg verre. Kulturavdelinga er difor svært positive til engasjementet som Aardalens Venner viser for å ta vare på og ta i bruk dette kulturminnemiljøet i ulike samanhengar, både for lokal identitet og oppleving for reiselivsnæringa.



Kulturavdelinga vurderer dette prosjektet som svært interessant, både fagleg og som grunnlag for kunnskap, oppleving og verdiskaping. Dette er eit verdifullt kulturmiljø som ikkje bør gå tapt, og som har eit stort potensiale for framtidig formidling og bruk. Vi vil difor sterkt tilrå at kulturminnefondet støttar prosjektet.

Med helsing

Ingebjørg Erikstad (sign)
fylkesdirektør

Grete Marøy Sellevoll
Grete Marøy Sellevoll
rådgjevar